

Møtereferat

Møte: Felles møte AU Midt og leiargruppa region Midt
Tid/Sted: Torsdag 30.08.18 kl 11.30 – kl 16 på Thon Hotel Surnadal
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Sverre Tyldum, Trude Sandstad Eldnes, Johan Kristian Daling, Ivar Wang (vara for Kolbjørn Frøseth), Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfnes, Roy Albertsen, Arnodd Kjenstadbakk, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo, Silje Laugsand Pynten og Brit Våga.
Forfall: Kolbjørn Frøseth
Kopi til: Vara AU og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger Molde, 30.08.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Rapportering: Dashboard, tiltaksliste og målkort Silje rapporterte frå inntransport og livdyr, Arnodd frå team storfe, Magne frå team gris og Bjørn frå team småfe. Vidare orienterte Brit frå egg, og Roy frå målkortet for regionen. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Transportkostnad for smågris: Korleis skal Nortura få hand om transporten?• Vil det ikkje vere avsetning for egg frå miljøinnreiing etter 2020?• Viktig at slaktestopp på Malvik pga innføringa av SAP vert kommunisert godt. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
2	Orientering om masteroppgåve på BI: Tilførselsarbeid Stig Runar Størdal orienterte om prosjektoppgåva ved BI masterstudiet "Utvikling for økt konkurransekraft", som han har skrive saman med Maren Stumlien. Oppgåva si problemstilling var "Hvordan sikre at nye produsenter (bønder) leverer sine dyr til Nortura?" <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Viktig at det vert sett fokus på kva type rådgjeving Nortura skal tilby, og korleis den skal finansierast.• Finansieringsordning gjennom Nortura er inga god ordning for brukaren kontra bank. Er den mykje brukt? Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
3	Handlingsplanarbeid for 2019 Brit Kari orienterte om ressursgruppemøta i september, der handlingsplanar for 2019 skal leggst saman med fag/tilførsel. Møta må arrangerast så snart som mogeleg i september. Møtedatoar for ressursgruppene er: <ul style="list-style-type: none">• Småfe – Bård Tore: 12. september• Storfe – Trude: 19. september• Gris – Sverre: ???• Egg – Ivar (Kolbjørn): ???• Fjørfe – Johan Kristian: ??? Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Møtedatoar for ressursgruppene gris, egg og fjørfe må fastsetjast snarast.	Sverre, Kolbjørn, Johan Kristian

4 **Kretsarbeidet**

Brit Kari orienterte om at kva rådgjevingstilbod Nortura skal ha for framtida, skal på høyring i kretsutvala før RU-møtet. Handlingsplan 2019 for fag/tilførsel skal også på høyring i kretsutvala.

Involvering frå AU vart drøfta.

Vedtak: AU fylgjer opp sine ansvarskretsar, ved å oppmode om møter i kretsutvala, og evt delta ved ynskje.

5 **Planlegging av regionutvalsmøtet 06.11**

Tidsramme og agenda vart drøfta, samt ynskje om konsernleiing.

Innspel/kommentarar:

- Møtestart kl 10.30, møteslutt kl 17
- Motivering, gruppearbeid, separate møter pr dyreslag.
- Rådgjevingsarbeid: Orientering frå TINE og NLR, med gruppearbeid etterpå?
- Marknadstilpassing: Kva kan du gjere på din gard for å tilpasse deg marknadssituasjonen, linkast mot volumet/fellesskapet.
- Dreie frå volumfokus til kvalitetsfokus. Omdømmebygging.
- Arne Kristian Kolberg, Lisbeth Svendsen, Ole Nicolai Skulberg er ønska.
- Marknadstilpassing i dyreslagsmøtet, rådgjeving som gruppearbeid
- Styreorienteringa tek litt lang tid, må knytast opp til temaet.
- Ansattrepresentant frå styret? Jon Lilleslett, evt Inger Lise Aarrestad Rettedal eller Olav Håkon.

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med regionutvalsmøtet.

Brit Kari

6 **Orientering frå styremøtet 20. – 21.08**

Olav Håkon orienterte om status for betringsprogrammet og NOVA. Konkurs sak hos produsent knytt til Prima Jæren. Kjedeforhold. Totalmarknad: Spørjeundersøking knytt til grovførsituasjonen ga signal om marknadssituasjonen. Mykje slakting av smågris. Vidare om økonomisk resultat. Prognoser for sal av storfekjøtt.

Spørsmål/kommentarar:

- Nortura praktiserer mottakspått på smågris, noko som inneber slakting utan avsetning. Mottakspått på smågris bør vurderast.
- Kombinertprodusent hos konkurrent skal no gå over til slaktegrisproduksjon ein periode.
- Kor detaljert er vedtaket om sau til pelsdyrfôr? Kan vi ta ut stykningsdelar før resterande av sau en går til pelsdyrfôr?
- Er det realistisk med avsetning av sau i eit normalår eller må det takast større grep?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7 **Orientering frå fagutvala**

Gris – Sverre:

- Jobba mykje med griseløftet, lansering snart som Gilde Edelgris med dyrevelferdsmerking. Ikkje listing hos Rema pga gjekk ikkje langt nok på dyrevelferd.
- Dyrevelferdsfokus. Rapport frå Mattilsynet i mai, ikkje mykje støy i etterkant.

Småfe – Bård Tore:

- Mykje på marknadstilpassing, utvikling av produksjonen.
- Spørjeundersøking tilseier levering av ytterlegare 1 000 tonn meir sau, i tillegg til 1 000 tonn på lager allereie.
- Spådom om dersom stor saueslakting vert det redusert lamming neste år, som

kan føre til underskot av lam, og mogeleg import.

Storfe – Trude:

- 16 300 fleire storfe slakta hittil i år enn i fjor. Prisløypa + grovførsituasjonen er årsaka. Kuslaking etter teljedato vert spennande.

Fjørfe – Johan Kristian:

- Salet på kylling positivt i Norgesgruppen. Rema og Coop aukar ikkje sitt sal.
- Overkapasitet i heile verdikjeda, frå oppal av foreldredyr til slakteri.
- Overkapasitet på produsentsida er handterbar.
- 10-12 produsentar er avtalt med Rema for produksjon av Hubbard.
- Dyrevelferd og kalkun: Skjerpa krav, manglar parametrar for belønning.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 **Deltaking på Trøndersk Matfestival 2019**

I AU-møtet 04.06 vart Lars Morten, Olav Håkon og Sverre oppnemnt som utval som skal jobbe vidare med dette.

Lars Morten orienterte om at Trine og Arne Kristian er positive til deltaking. TINE deltok i år som del av Meny sin stand, utan å vere oppført i programmet. Bemanning: Bør vere bønder, med gjennomført profilering. Kostnad med standen bør dekkast, storleik kr 50 – 100 000.

Innspel/kommentarar:

- Profilere Nortura eller merkevarene?
- Lage forslag og sjekke om det passar inn i strukturen til Nortura.
- Roy deltek i gruppa frå adm.
- Lars Morten tek initiativ til å finne møtedato.

Lars
Morten

Vedtak: Lars Morten, Olav Håkon og Sverre jobbar vidare med deltakinga.

9 **Eventuelt**

- Midt-Norsk landbruksråd sin konferanse 19. – 20.november: Påmelding må gjerast av kvar enkelt.
- Bli Med-kurs: Tilbod til vara til AU, ingen meldt seg så langt.
- Kretsmøteplan 2019: Brit Kari orienterte kort om planen.

AU